



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Ivareta barn som sørger

Taking care of children in grief

**Namn: Inga Helen Hauglum**

**Kandidatnr: 208**

BLU3-1006

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag)

Rettleiar: Tom Sverre Tomren

Innleveringsdato: 07. Januar 2021

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

**Jeg har lett**

Jeg har lett etter deg i sokkene dine,

Eg har lett i skogen.

På fjellet, i byen, i ensomheten,

I tårene og på graven.

Eg har lett over alt.

Og så var du her hele tiden.

Inne i meg.

-Linn Stokke

(Stokke ref. Røkholt, Bugge, Sandvik & Sandanger (Red.), 2018, s. 5).

# Innhold

|   |    |
|---|----|
| 1.0 Innleiing .....   | 3  |
| 1.1 Problemstilling.....  | 3  |
| 1.2 Oppgåvas oppbygging .....   | 3  |
| 2.0 Teori.....  | 4  |
| 2.1 Sorg.....   | 4  |
| 2.2 Sorgreaksjonar.....   | 4  |
| 2.3 Samtale med barna .....   | 6  |
| 2.4 Støtte til barn i sorg.....   | 7  |
| 2.5 Beredskapsplan og hjelpetiltak .....                                  | 8  |
| 3.0 Metode .....  | 9  |
| 3.1 Kvantitativ og kvalitativ metodar .....                               | 9  |
| 3.2 Pilotstudie.....  | 9  |
| 3.3 Val av informantar .....  | 10 |
| 3.4 Ethiske omsyn.....  | 10 |
| 3.5 Intervju .....  | 11 |
| 4.0 Empiri.....   | 11 |
| 4.1 Sorgreaksjonar.....   | 11 |
| 4.2 Samtale med barn som sørger .....                                     | 12 |
| 4.3 Beredskapsplan .....  | 13 |
| 5.0 Drøfting.....   | 14 |
| 5.1 Sorgreaksjonar.....   | 14 |
| 5.2 Samtale og støtte til barn som sørger .....                           | 15 |
| 5.3 Samarbeid med heimen .....  | 15 |
| 5.4 Beredskapsplan .....  | 16 |
| 6.0 Avslutning.....   | 16 |
| Litteraturliste .....   | 18 |
| Vedlegg 1: informasjonsskriv om bachelorprosjekt med samtykkeskjema ..... | 19 |
| Vedlegg 2: Intervjuguide .....  | 20 |

## 1.0 Innleiing

I denne oppgåva har eg tatt utgangspunktet i temaet barn og sorg. Grunnen til at eg har tatt føre meg dette temaet er fordi eg ynskjer å lære meir om korleis ein skal ivareta og møte barn som sørger, det er eit tema eg føler eg har for lite kompetanse om. Som barnehagelærer møter ein ulike utfordringar i kvardagen og før eller seinare kjem ein til å møte barn i sorg når ein kjem ut i arbeidslivet. Derfor er viktig at ein har kunnskap om barns sorg og korleis ein kan hjelpe barn som sørger. Sorg er eit omfattande tema sidan det finnes mange forskjellige typar sorg, derfor vel eg å skrive om dødsfall i nære relasjonar. Med dette meiner eg enten dødsfall innan familien, dødsfall med personar som står barnet nær, altså personar som er i dagleg møte med barnet.

Gjennom denne oppgåva ynskjer eg å auke mi eiga og andre sin kompetanse i møte med barn som sørger. Dette temaet er både sårt og vanskeleg for både barna og dei vaksne rundt. Kunnskap innan dette temaet kan gjere både meg og andre barnehagelærarar tryggare på dette området, og me kan på denne måten hjelpe enkeltbarn på best mogleg måte. Eg håpar oppgåva kan bidra til større kunnskap hjå meg sjølv og mine kollegaer. Alle barn som sørger treng vaksne som stiller opp ved å hjelpe og ivareta dei gjennom sorgprosessen. I rammeplanen for barnehagen står det at alle barn skal oppleve at dei blir sett, forstått og respektert, og at dei skal få den hjelpa og støtta dei har behov for (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19).

## 1.1 Problemstilling

Eg vil rette problemstillinga mi mot den pedagogiske leiaren i barnehagen. Formålet med undersøkinga er å få innsikt i kva ein gjer dersom eit barn på avdelinga opplever dødsfall i nære relasjonar. Korleis ein som pedagogisk leiar skal møte desse barna og handtere denne prosessen gjennom barnehagekvardagen.

Problemstillinga mi er:

*«Korleis kan pedagogisk leiar ivareta og hjelpe barn som opplev dødsfall i nære relasjonar?»*

For å konkretisere bryter eg problemstillinga ned i to del spørsmål:

1. Kva erfaringar har pedagogisk leiar i tre barnehagar i Sogn gjort seg i arbeid med barn som møter sorg og dødsfall i nære relasjonar?
2. Korleis stemmer deira erfaringar med fagteorien slik som den er kjent i relevante bøker?

## 1.2 Oppgåvas oppbygging

I del 2.0 tar eg for meg teori: barnehagen og sorgarbeid som forskingsfelt. Her skriv eg om det som er relevant knytt til barns sorg. Eg deler teori delen inn i underoverskriftene: sorg, sorgreaksjon, samtale med barna, støtte til barn i sorg og beredskapsplan og hjelpetiltak. Dette gjer eg for å lage ei oversiktleg oppgåve med relevant teori knytt til barns sorg og vaksenrolla i barnehagen. Deretter vil eg i del 3.0 skrive om metode som eg har nytta i denne bacheloroppgåva og korleis eg har gjennomført metoden. Under del 4.0

vil eg presentera empirien: informantanes informasjon. Her vil eg presentere informantane og ta føre meg det viktigaste som kom fram gjennom intervjuet eg har gjennomført. Vidare i 5.0 drøfting: teori og praksis, vil eg drøfte teorien frå del 2.0 og empirien frå del 4.0. Del 6.0 er avslutning: konklusjon der vil eg ta ei oppsummering og komme fram til ein konklusjon knytt til problemstillinga og underspørsmåla.

## 2.0 Teori

I denne delen av oppgåva vil eg ta for meg teori som er relevant for min problemstilling: *Korleis kan pedagogisk leiar ivareta og hjelpe barn som opplev dødsfall i nære relasjonar?*

### 2.1 Sorg

Sorg er eit ord me brukar når me menneske sørger ved tap av noko som har stor verdi for oss (Røkholt, Bugge, Sandvik & Sandanger (Red.), 2018, s. 11). På det individuelle og relasjonelle nivået handlar sorg om alle opplevingar, reaksjonar, uttrykk og responsar som kjem etter eit tap (Røkholt et al., 2018, s. 11). Sorg kjem til uttrykk i variasjonar av inntrykk og innhald, intensitet og varigheit frå person til person. Når ein har opplevd eit tap av stor verdi startar sorgprosessen, denne prosessen handlar om å integrere tapet og den verdien det har i livet, og om å finne ein måte å leve vidare med tapet (Røkholt et al., 2018, s. 11). Sorg er meir enn berre ein følelse. Sorg er både det me tenkjer, føler og gjer i vårt arbeid for å handtere ein kvardag prega av kaos, uverkelegheit og sakn. Sorg er noko som skjer mellom menneske. Derfor blir sorg bearbeida gjennom korleis det kjem til uttrykk i våre relasjonar (Bugge & Røkholt, 2009, s. 28).

I følgje Røkholt et al., (2018) er ikkje sorg noko som tar slutt ved at tankane og minna om den som døde, blir vekke. Den sørgande kan oppleve gradvis å kunne minnes og sakne den som døde, samstundes som ein kan leve sitt liv på gode måtar. Å miste nokon som står ein nær kan for mange bli eit utgangspunkt for ein følelsemessig involvering som varer resten av livet (Røkholt et al., 2018, s. 16).

### 2.2 Sorgreaksjonar

Sorg er ein personlege reaksjonar og aktive forsøk på å meistre utfordringar og tilpasse seg endringar som eit tap fører med seg. Sjølv tapsopplevinga variera frå person til person, og alle møter tap på personlege og unike måtar (Røkholt et al., 2018, s. 16-17).

Barns reaksjon på sorg kan arte seg forskjellig, anten det gjeld sorg ved å mista nokon dei er glad i, eller det gjeld frykt og redsel angående ein vanskeleg livssituasjon (Sjøvik, 2014, s. 206). Same type opplevingar kan gi utslag i forskjellige reaksjonsmønster hjå forskjellige barn, mens same reaksjonsmønster kan vere forårsaka av ulike opplevingar (Sjøvik, 2014, s. 206). I følgje Sjøvik (2014) kan enkelte barn gå igjennom ei tung og vanskeleg tid utan at dei gir uttrykk for det i barnehagen. Ein kan bære sakn og dei vonde tankane for seg sjølv, mens andre kan reagere meir openlyst med tristheit, sinne eller aggresjon (Sjøvik, 2014, s. 206). Erfaring tilseier at dei barna som stenger inne sine følelsar og vonde opplevingar, ofte er dei barna

som har det vanskelegast, desse barna er ofte dei som blir oversett både heime og i barnehagen. I motsetning til utagerande barn som tiltrekk seg merksemd fordi dei ofte forstyrrar det daglege samspelet blant barn og vaksne (Sjøvik, 2014, s. 206). I følgje Kwok (2005) ref. Dyregrov og Dyregrov (2019) kan ei rekke forskjellige faktorar auke eller minske risikoen for at barn utviklar problem. Dei seier at til dømes kan eit varmt familieklima etter dødsfallet vere beskyttande, mens eit kaldt klima, gir auka risiko (Dyregrov & Dyregrov, 2019).

I følgje Ruud (2011) går barn ut og inn av sorga. Det kan vere lett å misforstå barn, og ikkje gi dei ei reell sorgoppleving. Små barn har kort merksemd og «tristheits spenn» og går meir ut og inn av sorga enn det vaksne gjer (Ruud, 2011, s. 141). Samstundes som barn sørger er det også andre aktivitetar som leik og venner som kan fange barnets merksemd. Dette betyr ikkje at barnet ikkje sørger, men dei gjer det på sin måte (Ruud, 2011, s. 141). Korleis barn viser sin sorg vil alltid variera frå barn til barn. Personlegdom, den normale åtferda til barnet spelar ofte inn (Bugge & Røkholt, 2009, s. 33). Bugge og Røkholt (2009) seier at reaksjonsmønster blir ofte forsterka når barn sørger. Dette vil sei at barn som var sinte før, blir ofte meir sinte. Og barn som trekkjer seg lett unna, blir ofte meir tilbaketrekt (Bugge & Røkholt, 2009, s. 33). Det er ikkje slik at nokon reaksjonar er vanlege tidleg i sorga, og nokon er vanlege seinare. Reaksjonane kan komme og gå og variere gjennom oppveksten (Bugge & Røkholt, 2009, s. 33).

Sjøvik (2014) hevder at små barn ikkje greier å setje ord på sine følelsar og forklare sin åtferd sånn som vaksne er i stand til. Derfor kan de bli meir overvelda av sine motstridane følelsar, som ofte kjem samtidig (Sjøvik, 2014, s. 206). I følgje Finger (2001) ref. Sjøvik (2014) handlar sorg om ei tid med sterke kjensleutbrot, der åtferda ofte blir kjenneteikna som humørsvingingar og aggresjon. Ved dødsfall kan ofte aggresjonen bli retta mot barnet sjølv, personar i omgivnadane, den som er død og mot Gud som har tillat dødsfallet (Finger sitert i Sjøvik, 2014, s. 206-207). Finger (2001) hevder at når barna blir rasande og ikkje veit kvar dei skal gjere av følelsane sine, går dette ofte ut over foreldra. Med dette forklarar ho at berre rundt menneske som står barna nær, kan barna vere seg sjølv og tørre å gi utlaup for følelsane sine (Finger sitert i Sjøvik, 2014, s. 207). Barn i sorg treng derfor hjelp av vaksne til å bli klar over kva dei sjølv føler. Barn treng nokon som tar seg tid til å snakke med dei om korleis dei har det (Finger sitert i Sjøvik, 2014, s. 207)

Finger (2001) hevder at barn i alderen tre til seks år har ikkje ein realistisk førestilling om kva sjukdom og død betyr. Derfor kan det skje at dei gir uttrykk for at de ynskjer både seg sjølv og andre personar skulle vert døde. Sidan barn i denne alderen ikkje forstår kva døden eigentleg er, fryktar dei den heller ikkje (Finger sitert i Sjøvik, 2014, s. 207).

I følgje Bugge og Røkholt (2009) lever ikkje barn ut sorga gjennom reaksjonar på sjølve krisas innhald, men dei lever ut sin sorg i konkrete kvardagssituasjonar. Sterke og fremmande følelsar kjem fram gjennom handlingar som er kjent for barnet, og som derfor gir dei meining. Kva som kjent for barnet vil variere frå barn til barn. Dette er med på å gi deira tapshistorie og uttrykk for den unik og spesifikk (Bugge & Røkholt,

2009, s. 152). Bugge og Røkholt (2009) seier vidare at barn treng konkret hjelp til å uttrykke seg, skape tapshistoria og lære.

## 2.3 Samtale med barna

I følgje Bugge og Røkholt (2009) treng barn ofte å få bekrefta sine reaksjonar og kva dei gjer for å greie kvardagen eller støtte foreldra. Ein kan fortelje om andre barn som har gått igjennom det same eller noko liknande, det kan vere noko ein har opplevd sjølv eller lest om i ei bok (Bugge & Røkholt, 2009, s. 84). Då kan ein fortelje om deira reaksjonar og spørje om barnet har opplevd noko liknande. For barn kan det vere vanskeleg å svare på heilt opne spørsmål, som til dømes korleis har du det? Barn må ofte vite litt meir om kva du spør etter først, og har lettare for å svare på heilt konkrete spørsmål (Bugge & Røkholt, 2009, s. 84).

Dersom det er eit forventa dødsfall etter sjukdom hjå eit barn i barnehagen er det ein klar fordel at barnehage personalet brukar anledninga før dødsfallet til å førebu barna på det som vil skje (Dyregrov, 2006, s. 140). Dette kan ein gjere gjennom ulike aktivitetar som val av bøker med relevant tema, knytte samtaler om døden til synet av døde dyr, insekt eller planet (Dyregrov, 2006, s. 140). Ved å knytte døden opp mot mindre truande sider kan dette bidra til å auke barnas forståing av kva som skal skje (Dyregrov, 2006, s. 140). Dyregrov (2006) hevder at når eit dødsfall rammer, enten det er plutselig eller etter sjukdom, bør barnegruppa informerast. Barnehagebarna treng ei forklaring på det som har skjedd i eit enkelt språk som er tilpassa deira alder. Det kan vere godt for barna å få eit fang og sitte på mens dei får forklart kva som har skjedd og kvifor (Dyregrov, 2006, s. 141).

I rammeplanen for barnehagen står det at personalet i barnehagen skal invitere til ulike typar samtalar der barna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 48). Bugge og Røkholt (2009) seier det sunt å snakke om det, men samtalens lengde eller konkrete uttryksform kan ha lite å sei for kor meningsfull eller bearbeidande samtalen er. Å skrive, sjå på bilete, tenne lyd, gå på grava, eiga ein gjenstand eller laga noko er også å snakke med barnet om barnets sorg (Bugge & Røkholt, 2009, s. 83). Mange barn viser motstand overfor ting som er vanskelege å handtere eller snakke om. Dette betyr ikkje at ein skal ta avstand til å handtere temaet, men ein må vurdere når ein kan ta opp vanskelege tema med barn (Bugge & Røkholt, 2009, s. 83). Eit godt utgangspunkt er ofte når ein har god tid og barnet kan drive på med ein aktivitet mens dykk snakka saman (Bugge & Røkholt, 2009, s. 83).

I følgje Wirgenes (2000) er det viktig at vaksne ikkje undervurdera barns tankar og følelsar i slike situasjonar. Ofte kan vaksne oversjå at barn har sine egne sterke reaksjonar på det som skjer. Barn har behov for ein omsorg som hjelper dei til å vekse gjennom det som skjer (Wirgenes, 2000, s. 29). Barn må snakkast med. Det er viktig at ein finne ord og skildringar som passar til barnas modningsnivå. Når det gjeld små barn er det ofte betre med mange korte samtalar enn med lange samtalar (Wirgenes, 2000, s. 29). Wirgenes (2000) hevder vidare at barn er ofte inn og ut frå sine sorgreaksjonar, det er derfor viktig at ein tar småsamtalar når moglegheita er der. Språket bør vere enkelt og så konkret som mogleg. Ein må ikkje

omskrive beskrivinga av død som «å reise heim», «sovne inne» eller «bli vekke» (Wirgenes, 2000, s. 29). I følge Ruud (2011) treng små barn hjelp til å oppfatte at døden er endeleg. Dei minste barna kan tenkje at ein person kan komme tilbake. For nokon kan dette ta tid, og dei greier å ta det inn litt etter kvart (Ruud, 2011, s. 144). Barn treng å høyre sanninga, sjølv om ein må sei det med ord som dei forstår. Det er viktig at sjukdom og død blir forklart opent, sannferdig og direkte, utan ei omskriving som kan skape forvirring eller frykt (Dyregrov, 2004, s. 93). Sidan barnehagebarn har ei manglande utvikling av omgrep er det viktig at ein sjekkar opp kva barna har forstått, slik at ein kan unngå misforståingar (Dyregrov, 2006, s. 141).

Røkholt og Bugge (2018) seier at dersom små barn opplev alvorleg sjukdom eller mistar nokon nære, bør personale med godt kjennskap til både barnet og familien stille seg tilgjengeleg for hyppige samtaler med heimen (Røkholt & Bugge, 2018, s. 148). For mange foreldre er det viktig å ikkje berre høyre om det som går bra i barnehagen, men også om det er konkrete uttrykk for sorg og det barnet strever med (Røkholt & Bugge, 2018, s. 148). I rammeplanen for barnehagen (2017) står det at barnehagen skal leggje til rette for at dei og foreldre med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytt til helse, trivsel, erfaringar, utvikling og læring til kvart enkelt barn (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

## 2.4 Støtte til barn i sorg

Ved sidan av heimen er barnets forhold til sitt vanlege miljø viktig i tida mens barnet sørger og bearbeidar sorga (Johnsen, 1991, s. 23). I barnehagen og blant venner opplever barnet at livet går vidare med mange andre impulsar ved sidan av sorga. Dette er med på å hjelpe barnet til å finne ei kjent og trygg rutine der barnet får vere seg sjølv (Johnsen, 1991, s. 23). Men det er også viktig at saknet og sorga får sin naturlege plass i miljøet. Barn kan fort reagere dersom vaksne og andre barn ikkje seier noko om sorga og heller prøver å gjere dagen til barnet lettare (Johnsen, 1991, s. 23). Dyregrov og Dyregrov (2019) hevder at dersom barnet får god støtte og oppfølging i barnehagen vil dei fleste barn utvikle seg normalt og meistre dei ekstra utfordringane som eit tap inneheld.

Røkholt et al. (2018) seier at å sørge er ein kompleks prosess som kan handle om at ein integrera tapet i sitt liv, tilpassar seg endringar, meistrar utfordringar og utviklar sitt liv vidare. Det finnes ingen generell måte å sørge på, men tapsopplevingar gjennomgår nokon tema som er felles for mange som blir etterlat (Røkholt et al., 2018, s. 29). Det aller viktigaste er å halde sorgprosessen i gang. Ein må halde bevegelsen i gang, der den eine sida handlar om å ta tapet, følelsane og tankane inn over seg, og på den andre sida handlar om å forhalde seg til dei kvardagslege utfordringane og det vidare liv (Røkholt et al., 2018, s. 29). Å støtte og legge til rette for dette er viktig i all sorgstøttearbeid (Røkholt et al., 2018, s. 29). I følge Dyregrov & Dyregrov (2019) hevder dei at utan god vaksenstøtte kan det lett oppstå misforståingar i forbindelse med egne reaksjonar eller fakta knytt til dødsfallet.

I følge Johnsen (1991) er det best for barnet i barnehagen dersom det er ein god openheit om sorg i miljøet. Då er det meir naturleg dersom barnet blir stille eller begynner å grine litt (Johnsen, 1991, s. 24). I



følgje Johnsen (1991) er det viktig å la barnehagepersonalet og barna på avdelinga få høyre om dødsfallet så snart som mogleg og på ein enkel måte. Det er viktig at alle barna blir minna på at det er naturleg å vere lei seg, og at dei kan vise forståing utan å overdrive (Johnsen, 1991, s. 24).

Sjøvik (2014) seier at personalet i barnehagen må vere spesielt observand når det kjem til teikn og signal på at barn ikkje har det godt, det er personalet i barnehagen sitt ansvar å sørge for at barna får den hjelpa dei treng. Barn i sorg og krisesituasjonar har som regel behov for mykje vaksenkontakt og rett oppfølging av ein person som dei kjenner godt og har tillit til (Sjøvik, 2014, s. 225). Sjøvik (2014) hevder at det er viktig at barna får kjensle av at personalet har tid til dei, og at dei blir både forstått og akseptert at dei har det vanskeleg og tungt. Når barn er i ei vanskeleg livssituasjon kan dei ha problem med samspel med andre barn. Dei vil trenge ekstra hjelp til å komme i gang med leik og andre aktivitetar (Sjøvik, 2014, s. 225). Leikegrupper har vist seg å vere eit tenleg verkemiddel i hjelpetiltak for barn i sorg og krise (Sjøvik, 2014, s. 225).

## 2.5 Beredskapsplan og hjelpetiltak

Personalet i barnehagen må vere førebudd på at ein kan oppleve hendingar som er kritiske for barn, foreldre og/eller medarbeidarar (Sjøvik, 2014, s. 227). I følgje Sjøvik (2014) skal alle barnehagar ha gjennomtenkte og gjennomførleg beredskapsplanar som viser korleis personalgruppa skal forhalde seg i ulike krisesituasjonar, for eksempel visst nokon av barna, nokon i barnas familie eller nokon i personalgruppa blir ramma av ei ulykke, alvorleg sjukdom eller død (Sjøvik, 2014, s. 227). I følgje Sjøvik (2014) vil dette hjelpe personalet med å opptre rasjonelt og effektivt, samstundes som dei kan bevare roen til å vise omsorg for dei personane som blir ramma. Uansett kor gode planar ein barnehage har, er det umogleg å lage oppskrifter på korleis personalet skal hjelpe barna i vanskelege livssituasjonar (Sjøvik, 2014, s. 227). Personalet i barnehagen kan ikkje utøve yrkesrolla si på eit grunnlag av ei oppskrift. Dette må skje på grunnlag av relevant fagleg kunnskap, innsikt og evna til empati med det enkelte barnet, barnets familie og medarbeidarane i barnehagen (Sjøvik, 2014, s. 227).

I følgje Sjøvik (2014) kan barnehagen utforme sine beredskapsplanar forskjellig, men ein bør ha kommunens plan for kriseleiing som grunnlag. Dette vil gi nyttig informasjon om organisering og viktige kontaktpersonar (Sjøvik, 2014, s. 227). Ein beredskapsplan må ha tydelege retningslinjer for ansvarsdeling innanfor personalgruppa og overordna prinsipp for korleis den enkelte skal forhalde seg i ulike krisesituasjonar som kan oppstå (Sjøvik, 2014, s. 227). I følgje Sjøvik (2014) vil det viser seg å vere avgjerande at ein barnehage har utvikla ein handlingsplan for dei mest konkrete stega ein må ta i samband med dødsfall. Barnehage personalet bør ha gjennomgått ein slik handlingsplan på førehand (Simonnes, 1995, s. 109).

## 3.0 Metode

Sosiologen Vilhelm Aubert forklaring på kva metode er blir ofte brukt i mange samanhengar. Han formulerer det slik: «En metode er en framgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder» (Aubert, ref. Dalland, 2018, s. 51). Metode er verktøyet me brukar når me vil undersøkje noko (Dalland, 2018, s. 52). Metoden ein vel hjelper oss til å samle inn data, det vil seie den informasjonen me treng til undersøkinga vår (Dalland, 2018, s. 52).

### 3.1 Kvantitativ og kvalitativ metodar

Dei kvantitative metodane går meir i breidda og gir data i form av målbare einingar (Dalland, 2018, s. 52). I følge Dalland (2018) vil ein gjennom denne metoden ha moglegheita til å foreta rekneoperasjonar, dersom ein ynskjer å finne prosentdel eller gjennomsnitt. Dei kvalitative metodane går meir i djupna og fangar opp meiningar og opplevingar som ein ikkje kan talfeste eller måle (Dalland, 2018, s. 52). Både kvantitativ og kvalitative metodar er med på å gi oss ei betre forståing av det samfunnet me lever i (Dalland, 2018, s. 52). Metoden eg har vald å nytta i mitt bachelorprosjekt er ein kvalitative metoden. Den kvalitative metoden er med på å gi meg meir innsikt i tankar og erfaringar pedagogiske leiarar der ute sat inne med, eg ville også gå meir i djupna enn i breidda. Med tanke på problemstillinga mi var eg på leit etter erfaringar og korleis informantane tolka erfaringane, borna og dei involverte sine kjensler, tankar, åtferd og reaksjonar.

Eg har vald å nytte kvalitativ forskingsintervju da eg ikkje ynskjer å finne prosentdel eller måle mine empiriske funn i denne oppgåva. Formålet med det kvalitative forskingsintervjuet er å få tak i intervjupersonanes eigne beskrivingar av sin livssituasjon (Dalland, 2018, s. 65). I følge Dalland (2018) er det presisjonen i beskrivingane og tolkingane av kva innhaldet betyr som er det kvalitative intervjuets styrke. For å få dekkande beskrivingar er det ofte nødvendig med utfyllande spørsmål. Det betyr at ein må følge godt med på kva som blir sagt, slik at ein kan stille oppfølgings spørsmål for å skaffe ei meir utfyllande beskriving (Dalland, 2018, s. 65).

### 3.2 Pilotstudie

I pilotstudien utførte eg eit intervju med ein medstudent som eg tok opp på bandopptak. I forkant av intervjuet sendte eg intervjuguiden så medstudenten min fekk førebu seg. Sjølv intervjuet gjekk veldig bra, men eg måtte forandre på nokon spørsmål i etterkant fordi dei var litt for opne og utydelege. Ei anna utfordring var tida i etterkant. Eg brukte veldig lang tid på å transkribere intervjuet over til data, dette førte til at eg gjekk ned i mengd informantar som eg ville nytte i oppgåva mi. Dette gjorde eg med tanke på tida eg hadde til disposisjon.

Eg har ikkje noko særleg erfaring med intervju tidlegare, så pilotstudia vart veldig nyttig og lærerik for meg, ved at eg fekk sjå korleis eg sjølv fungerte som intervjuar. Eg fekk gode tilbakemeldingar frå medstudenten min på korleis eg intervjuar.

Eg føler at pilotstudien vil vere med på å styrke relabiliteten og validiteten i oppgåva mi ved at eg har tatt val ut frå kva som fungerte og ikkje fungerte angående spørsmål og sjølv intervjuet.

### 3.3 Val av informantar

Ein informant er ein person med kunnskap som er med på å gi forskaren informasjon (Dalland, 2018, s. 65). Ut i frå problemstillinga mi var utvalskriteria for informantane at dei skulle vere utdanna barnehagelærar, og arbeide som pedagogisk leiar i Sogn. Dei må også ha erfaring med barn som har opplevd dødsfall i nære relasjonar og helst ha erfaring frå storbarnsavdeling så eg kunne halde meg innan ei barnegruppe i alderen 3-6 år.

Det viste seg å verte ein meir krevjande prosess å innhente informantar enn kva eg hadde trudd på førehand. Eg sendte e-post med informasjonsskriv og samtykkeskjema (vedlegg 1) til styrar i ulike barnehagar for å høyre om det var nokon med erfaring frå dette temaet. Dei fleste gav tilbakemelding om at dei ikkje hadde erfaring og/eller nyare erfaring med dette temaet. Sjølv om det var mange barnehagar utan erfaring kring temaet mitt var det veldig mange som gav positiv respons til prosjektet mitt. Dei fortalde at det var eit viktig tema å ha kunnskap om å arbeide med i barnehagen.

Av dei barnehagane som hadde fått tilsendt informasjonsskriv var det tre pedagogiske leiarar som takka ja til å vere informantar. Desse informantane hadde erfaring med barnehagebarn i alderen tre til seks år. I oppgåva mi har eg valt å presentere informantane som Mari, Vilde og Solveig.

### 3.4 Etiske omsyn

Når ein skal innhente data som omfattar kunnskap om menneske og samfunnet er det viktig å følgje nokon etiske reglar. Dei fekk tilsendt informasjonsskriv med samtykkeskjema (Vedlegg 1) i forkant, i dette skrivet vart dei informert om tema, korleis opplysningar som skulle innhentast og kva eg skulle bruke opplysningane til. Det var viktig for meg å poengtere at all informasjon dei gav i forbindelse med prosjektet ble anonymisert og at etter transkribering ble bandopptaka sletta. Dette handlar om korleis ein handtera etiske utfordringar knytt til arbeid med bacheloroppgåve, og for meg betyr dette at ein skal behandle informantane med tillit og respekt. Alle intervjupersonane har skreve under samtykkeskjema som vart utlevert i forkant av intervjuet.

Intervjuguiden (vedlegg 2) valde eg å sende ut i forkant av sjølv intervjuet. På denne måten kunne informantane førebu seg og tenke gjennom svara og eventuelt komme med spesifikke opplevingar som eg kanskje ikkje hadde fått dersom eg ikkje hadde sendt spørsmåla i forkant.

### 3.5 Intervju

Eg hadde planlagt i forkant at eg ville gjennomføre intervju ute i barnehagane, med tanke på at dei skulle vere komfortable i trygge omgivnader. Dette vart ikkje som planlagt med tanke på situasjonen Norge er i med pandemien Covid-19. Eg sendte ut intervjuguiden til dei informantane som hadde takka ja, så fekk dei velje mellom skriftleg tilbakemelding eller intervju over telefon/internett. Alle informantane valde å gi skriftlege svar på spørsmåla i intervjuguiden. Skriftlege svar frå informantane kan medføre kortare svar enn det eg hadde fått dersom eg hadde gjennomført intervju ute i barnehagen som planlagt. Eg vil også understreke at denne oppgåvas svar byggjer og baserast på svar til få intervjupersonar. Derfor vil det også vere viktig at svara som kjem fram i intervjuet ikkje reknast som sanne for alle som arbeider i barnehage.

### 4.0 Empiri

I denne delen av oppgåva vil eg presentere informantane og empirien i prosjektet. Dei tre informantane eg har nytta har ulike erfaringar knytt til barn som opplev dødsfall i nære relasjonar. Empirien byggjer på svara til tre pedagogiske leiarar frå Sogn. Med tanke på informantane sin anonymitet har eg vald å gi dei fiktive namn.

Mari er ei 54 år gammal kvinne som har barnehagelæruddanning med vidare utdanning innan førebyggjande miljøarbeid for barn og unge og personaladministrasjon og organisasjonsteori. Ho har arbeida som både pedagogisk leiar og styrar i barnehage, men arbeidar no som pedagogisk leiar for barn i alderen 2-4 år. I denne oppgåva vil eg ta utgangspunkt i erfaringane hennar frå då ho opplevde at ei 5 år gammal jente mista far sin i ei uventa ulykke.

Vilde er ei 50 år gammal kvinne som er utdanna barnehagelærar med etterutdanning innan rettleiingskompetanse. Ho har arbeida som pedagogisk leiar sidan 1992 og jobbar no med aldersgruppa 3-6 år. I denne oppgåva vil eg ta utgangspunkt i erfaringane hennar frå då ho opplevde at eit søskenpar på 3 og 5 år mista sin mor svært uventa og då ein 4 år gammal gut mista onkelen sin uventa.

Solveig er ei 30 år gammal kvinne som er utdanna barnehagelærar og jobbar no som pedagog 2 på ei avdeling med barn i alderen 3-6 år. I denne oppgåva vil eg ta utgangspunktet i Solveig sin erfaring då ho opplevde at ei jente på 5 år som gjekk i barnehagen hadde uheldigeleg kreft.

#### 4.1 Sorgreaksjonar

Mari opplevde at jenta på 5 år trong mykje lading i vaksenkontakt og trengte å bli sett. Ho var rolegare enn elles, vart fort trøyt og orka ikkje så mykje som før. Mari fortel vidare at dei tok omsyn til dette, og prøvde å leggje dagane opp, slik at dette vart teke omsyn til. Åtferda til 5 åringen varte lenge etter dødsfallet, og då jenta begynte på ny avdeling informerte dei personalet om korleis dei jobba med dette.

Vilde fortel at det yngste barnet i søskenparet på 3 år som mista sin mor fekk ei enda meir utagerande åtferd etter dødsfallet. Han hadde mykje sinne i seg og meistra ikkje å reagere positivt i forhold til kontaktforsæl frå dei andre barna. Han trengte tett rettleiing i nesten alle situasjonar og dei måtte vere føre var slik at han ikkje skulle skade andre eller seg sjølv. Vilde fortel vidare at det eldste barnet på 5 år i søskenparet møtte sorga på ei anna måte. Ho stengte alt meir ute og opna seg ikkje lett om hendinga. Ho leika og oppførte seg stort sett som før, men kunne plutselig verte lei seg utan grunn ein sjeldan gong. Vilde fortel også at åtferda og utfordringane til det yngste barnet vart følgt opp i skulen, og barnet har hatt store behov for tilrettelegging og oppfølging i alle år etter å ha mista sin mor. Vilde seier vidare at ho også har opplevd at ein 4 år gammal gut mista onkelen sin uventa. Han snakka mykje og ofte om at han sakna onkelen sin, og ville ofte og gjerne snakke om korleis det skjedde, og om andre menneske han kjente eller visste om som var døde.

Solveig opplevde å vere primærkontakten til ei jente i barnehagen på 5 år som hadde uhelbredeleg kreft. Dei barna som opplevde sorg var mest dei jamnaldrande barna på avdelinga, men også heile barnegruppa. Solveig fortel at ungene reagerte med spørsmål. Det var naturlege og forventede spørsmål, knytt opp mot bekymringar for å sjølv døy. Ho seier vidare at barn opplev verda ut ifrå sitt eige perspektiv, det som omhandlar barnet sjølv og sine nærmaste. Nokon av barna fortalde om hendingar der nokon dei sjølv kjende hadde vert sjuke eller døde. Solveig seier vidare at det viktigaste i møte med barna sin sorg, var å gi dei svar på det dei lurde på. Og at visst ein ikkje møter dei med gode svar, kan barna bli uttrygge og bekymra. Ho fortel at når barna hadde fått svar var dei fornøygde med det, og ho vil ikkje sei at barna endra eller fekk ei anna åtferd. Dei takla situasjonen godt, nokon Solveig meiner var fordi personalet var rusta til å møte dei med det dei lurde på. Ho fortel vidare at jenta som døyde hadde vore heime frå barnehagen ei stund før dødsfallet på grunn av at ho var for sjuk, og slik sett fekk personalet og barnegruppa bearbeida det litt i forkant av dødsfallet.

## 4.2 Samtale med barn som sørger

Mari fortel at barnet informerte sjølv personalet då ho kom i barnehagen. Dei gav ho styring på når ho ville snakke med personalet i barnehagen, då fekk ho tid og fang til dette.

Vilde seier at ho snakka mykje med barna i begge tilfella etter hendingane. Ho tok nokon gonger initiativ når ho såg at barnet trengte å snakke, og når dei gjennom åtferd viste at dei måtte få ut noko. Men ofte var det barnet sjølv som fortalde om sorga eller hendinga først, og da oppfordra Vilde barnet til å fortelje meir. Ho spurte då forsiktig og var open for at barnet ville fortelje meir. Ho seier vidare at ho aldri spurte om kva som skjedde, kvifor eller korleis, men for å vise støtte til barna fortel Vilde at ho var tilgjengeleg for barna og viste interesse.

Solveig fortel at dei hadde ei samling med heile avdelinga etter at jenta døde. Dei laga si eiga lita minnestund, der dei song nokre fine songar, tende lyd og snakka med barna om kva som hadde skjedd. Barna fekk då stille spørsmål dersom dei hadde nokon dei ville ha svar på. Foreldra til barna på avdelinga vart informert om både samlinga og innhaldet i den, for å kunne vere ekstra imøtekommande. Ho fortel vidare at barns tankar kjem ofte til uttrykk når barna skal leggje seg om kvelden, til dømes tankar om samlinga i barnehagen, derfor var det viktig å informere familiarne om kva dei skulle gjennomføre i barnehagen. Ho seier vidare at for barna er det ofte mindre komplisert enn for ein vaksen, og derfor kan ein ikkje leggja meir i det enn at dei får svar på det dei lurar på, og å vera ekstra tilgjengelege for dei som kanskje treng litt ekstra svar og omsorg i ein periode.

### 4.3 Beredskapsplan

Mari fortel at kommunen har sin eigen beredskapsplan som vart tatt i bruk under denne prosessen. Dei gjorde også individuelle tilpassinga i samråd med familien. Ho seier at dei hadde dialog med mor nokre dagar etter, for å klargjere vidare kva som var best for barnet.

Vilde fortel også at dei har rutinar og beredskapsplan i forhold til nære dødsfall og barn i sorg. Ho seier at den alltid blir brukt, men under den eine hendinga der søskenparet mista sin mor midt på sommaren var det redusert bemanning på avdelinga. Så ein av dei som var på ferie måtte hjelpe til med å informere foreldra. Ho seier vidare at beredskapsplanen inneheld informasjon til personalet og foreldre, korleis dei skal ta imot barnet og pårørande, og konkrete ting som at dei tenner lys og kanskje har bilete og samtalar med barnet.

Solveig fortel at barnehagen har ein beredskapsplan for barn i sorg, og at denne vart gjennomgått i heile personalet før jenta på avdelinga døde. Dei snakka fleire gonger om planen og den vart gjort lett tilgjengeleg for alle i personalet. På denne måten seier Solveig at personalet vart trygge på korleis ein skulle møte dei andre barna undervegs i sjukdomsperioden og etter dødsfallet. Ho seier at personalet var flinke til å gjere situasjonen naturleg, å svare på spørsmål eller utsagn frå barna på ein fornuftig måte. Ho seier vidare at ho tenkjer det er viktig å ha ein plan på korleis ein skal handtere ulike, utfordrande situasjonar. Ved å ha ein beredskapsplan så gjer alle det same, og det vil vere tryggare for personalet å utføre oppgåver når ein har instruksar over kven som tek ansvar for ulike ting. Ho fortel også at det var positivt å gå igjennom planen i fellesskap, då var det rom for å gjera justeringar gjennom diskusjon. Ein kan då komme fram til andre ting som er betre, dette gjer at ein får eit eigarskap til ein slik plan.

Vidare spurte eg korleis dei arbeida saman med personalet under denne prosessen, om det var nokon som hadde meir ansvar enn andre og om dei hadde inne fleire ressursar. Då svarte Mari at dei var eit godt etablert team på basen allereie, så dei jobba godt ilag i høve dette også. Ho fortel vidare at dei hadde same forståing av kva som var viktig for denne jenta. Kriseteamet i kommunen var også tilgjengeleg både for

barnehagen og for heimen ved behov. Vilde svarte her at ho som pedagogisk leiar hadde hovudansvaret og hadde mest tett oppfølging av barna som samtalar og foreldrekontakt. Ho fortel også at personalet på avdelinga følgde opp det dei hadde snakka om at dei skulle jobbe med i forhold til barnet. Solveig sa her at ho hadde hovudansvaret for jenta si tid i barnehagen. Ho la til rette for leik og gode opplevingar saman med dei andre barna. Ho og styraren i barnehagen hadde ansvar for samarbeid med foreldra. Det var også inne eit helseteam som hadde ansvar for oppfølging medisinsk for jenta. Vidare fortel Solveig at etter jenta var død ynskte mor å ha mest kontakt med ho og styrar i barnehagen.

## 5.0 Drøfting

I denne delen skal eg drøfte del 4.0, dei empiriske funna i lys av teorien som vart presentert i del 2.0. Med utgangspunkt i den pedagogiske leiaren som skal støtte og ivareta barn som opplev dødsfall i nære relasjonar. Drøftingsdelen blir delt opp i tre deler, dette gjer eg for å skape orden og struktur på oppgåva. Eg vil rette søkelyset mot sentrale punkt i ei rekkefølge av *sorgreaksjonar, samtale og støtte til barn som sørger, samarbeid med heimen og beredskapsplan*.

### 5.1 Sorgreaksjonar

Gjennom intervju tyder det på at Mari og Vilde opplevde sorgreaksjonar hjå barna som opplevde dødsfall i nære relasjonar, mens Solveig hevder at barna ikkje endre eller fekk ei anna åtferd. Dei to informantane som opplevde sorgreaksjonar viser ikkje til like reaksjonar frå barna, dette er også i tråd med teoretisk materiale som seier at barn sorg kan arte seg forskjellig og kan gi utslag i forskjellige reaksjonsmønster hjå forskjellige barn (Sjøvik, 2014, s. 206).

Vilde fortalde om eit søskenpar som mista sin mor, der eine barnet reagerte med å stengte alt ute, mens den andre reagerte med utagerande åtferd. Dette synest eg viser veldig godt til det Sjøvik (2014) hevder om at somme kan bære saknet og tankane for seg sjølv, mens andre kan reagere meir openlyst med sinne eller aggresjon. Dette stemmer også overeins med det Finger (2001) ref. Sjøvik (2014) seier om at sorg handlar om ei tid med sterke kjensleutbrot, der åtferda ofte kan kjenneteiknast som humørsvingingar og aggresjon. Ho seier også barn i sorg treng hjelp frå vaksne til å bli klar over kva dei sjølv føler (Sjøvik, 2014, s. 206-207). Dette følgjer Vilde opp med å sei at barnet fekk tett oppfølging og rettleiing i nesten alle situasjonar. Utifrå det Vilde seier fekk det eine barnet endå meir utagerande åtferd enn før, her kan ein sjå likeheita med det Bugge og Røkholt (2009) hevdar om at reaksjonsmønster blir ofte forsterka når barn sørger, dette vil sei at barn som var sinte før, blir ofte meir sinte. Vilde fortel også at barnet som reagerte med utagerande åtferd meistra ikkje å reagere positivt i forhold til kontaktforsæl frå andre barn i barnehagen. I følgje Sjøvik (2014) kan dette ha ei innverknad sidan barnet går igjennom ei vanskeleg livssituasjon. Barna vil derfor trenge ekstra hjelp til å komme i gang med leik og andre aktivitetar (Sjøvik, 2014, s. 225).

Vilde og Mari fortalde også om barn som oppførte seg normalt i leik, men kunne plutselig verte lei seg utan grunn ein sjeldan gong og trengte vaksenkontakt. Dette samsvarar med det Ruud (2011) seier om at barn går ut og inn av sorg. Ho seier vidare at små barn har kort merksemd og «tristheits spenn», og barns merksemd kan fort bli fanga av andre aktivitetar som leik.

## 5.2 Samtale og støtte til barn som sørger

Alle tre informantane fortalde at dei snakka med barna om hendinga og følelsar, dette er noko Bugge og Røkholt (2009) seier seg einige i. Dei seier det er sunt å snakke om det, men samtalen legde eller konkrete uttryksform kan ha lite å sei for kor meiningsfull eller tilverka samtalen er (Bugge & Røkholt, 2009, s. 83). Bugge og Røkholt (2009) hevder vidare at ein må vurdere når ein kan ta opp vanskelege tema med barn. Alle informantane fortalde om ulike situasjonar der dei tok opp tema og fekk snakke med barna. Informantane tok omsyn til barnas sorga og dei var forsiktige med samtaler og syns det var lettare å starte ein samtale når ein såg at barna trengte nokon å snakke med eller dei tok initiativ sjølv. Dei var opne og tilgjengelege for barna når dei ville snakke eller ha eit fang å sitte på.

Solveig fortalde at dei hadde ei samling med heile barnegruppa etter at jenta på avdelinga døde, dette er noko Johnsen (1991) hevder er positivt for barns sorg. Han meiner at det er best for barna i barnehagen at det er ein god openheit om sorg i miljøet barna er i (Johnsen, 1991, s. 24). I følgje Johnsen (1991) kan barna fort reagere dersom vaksne og andre barn ikkje seier noko om sorga og heller prøver å gjere dagen til barnet som har opplev eit dødsfall lettare. Solveig fortel vidare at dei hadde ei eiga minnestund, der dei song, tende lyd og snakka med barna om kva som hadde skjedd. I følgje Bugge og Røkholt (2009) er aktivitetar knytt til tilarbeiding av sorg som minnestund, tenne lyd og sjå bilete også å snakke med barna om sorg. Ein kan også sjå på det Dyregrov (2006) hevder om at når eit dødsfall rammer, enten det er plutselig eller etter sjukdom, bør barnegruppa informerast. Han seier også at barnehagebarna treng ei forklaring på det som har skjedd i eit enkelt språk som er tilpassa deira alder (Dyregrov, 2006, s. 141).

Ingen av informantane snakka noko om korleis dei ordla seg når dei snakka saman med barna, men Vilde var veldig bevisst på korleis spørsmål ho ikkje skulle stille, spørsmål som handla direkte om hendinga. Ho seier vidare at det viktigaste ho sette i fokus var å vere tilgjengeleg for barna. Røkholt et al., (2018) seier at det viktigaste i all sorgstøttearbeid er å legge til rette og støtte barna med å ta tapet, tankane og følelsane inn over seg. Ein skal i tillegg greie å forhalde seg til dei kvardagslege utfordringane og det vidare liv (Røkholt et al., (2018), s. 29).

## 5.3 Samarbeid med heimen

Ut i frå informantane sine erfaringar meiner alle at eit godt samarbeid og openheit med heimen er viktig gjennom ein slik situasjon. I følgje Røkholt og Bugge (2018) bør personale med godt kjennskap til både barnet og familien stille seg tilgjengeleg for samtaler med heimen. To av informantane fortalde at dei



hadde hovudansvaret for både tett oppfølging av barna og foreldrekontakt, rammeplanen for barnehagen seier også at ein skal leggje til rette for samtaler med heimen der ein kan utveksle observasjonar og vurdering knytt til barnet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29). Alle informantane hadde samtaler med heimen om situasjonen og for å klargjere kva som var best for barnet vidare. Dette støtter Røkholt og Bugge (2018) ved å sei at det er viktig for foreldre å høyre om det er konkrete uttrykk for sorg og om barnet strever med noko i barnehagekvardagen..

## 5.4 Beredskapsplan

I alle barnehagane der informantane arbeider følgde dei ein beredskapsplan for barn i sorg, Sjøvik (2014) hevder at alle barnehagar skal ha gjennomtenkt og gjennomførlege beredskapsplanar. Denne planen skal hjelpe personalet med å opptre rasjonelt og effektivt, samstundes som dei kan bevare roen til å vise omsorg for dei personane som blir ramma (Sjøvik, 2014, s. 227).

I barnehagen til Solveig hadde dei arbeida mykje med beredskapsplanen sin før dødsfallet skjedde. Dette gjorde at personalet vart godt kjent med planen og kunne førebu seg på kva dei skulle gjere. Solveig fortel at planen vart snakka om fleire gonger og gjort lett tilgjengeleg for alle på avdelinga. I følgje Simonnes (1995) bør barnehage personalet ha gjennomgått ein slik handlingsplan på førehand for dei konkrete stege (Simonnes, 1995, s. 109). Solveig seier det var positivt å gå igjennom planen i fellesskap, då var det rom for justeringar. Ho fortel vidare at ein då kan komme fram til andre ting som er betre, og lage eit eigarskap til planen.

Alle informantane informerer om at dei gjorde individuelle tilpassinga i forhold til beredskapsplanen i samråd med familien, dette tilsvara det Sjøvik (2014) hevder om at personalet i barnehagen ikkje kan utøve yrkesrolla si på eit grunnlag av ei oppskrift. Ho viser til at dette må skje på grunnlag av relevant fagleg kunnskap, innsikt og evna til empati med det enkelte barnet, barnets familie og personalet i barnehagen (Sjøvik, 2014, s. 227).

## 6.0 Avslutning

I denne oppgåva forsøkte eg å finne svar på korleis ein barnehagelærer kan ivareta og hjelpe barn som opplev dødsfall i nære relasjonar. Dei tre intervju som eg gjennomførte viser at dagens barnehagar er førebudd på korleis ein skal møte og hjelpe barn gjennom sorgprosessen. Eg er merksemd på at resultatet kan vere mangelfulle sidan det er få informantar, og tilsvara ikkje at alle barnehagar. Skriftlege svar frå informantane kan også medføre kortare svar enn det eg hadde fått dersom eg hadde gjennomført intervju ute i barnehagen som planlagt. Til tross for dette har denne oppgåva gitt meg god inspirasjon og kunnskap for vidare utvikling i yrket som barnehagelærer. Dette var eit tema eg følte eg hadde lite kompetanse om på førehand, men gjennom arbeidet i denne oppgåva føler eg at eg har utvikla og auka denne

kompetansen. Dette har også vore eit veldig sensitivt tema å skrive om, men sjølv om det er eit trist tema så er det særst viktig å ha kunnskap om barns sorg og tilarbeiding av sorga.

Eg har gjennom denne oppgåva fordjupa meg i teori knytt til barn og sorg, men eg har også fått ny kunnskap gjennom erfaringane til dei tre pedagogiske leiarane som stilte som informantar. Eg er veldig takksam for at informantane mine ville dele sine erfaringar med meg, og hjelpe meg vidare i yrket som barnehagelærer.

Problemstillinga mi i denne oppgåva var: «Korleis kan pedagogisk leiar ivareta og hjelpe barn som opplev dødsfall i nære relasjonar?»

I barnehagen kan ein oppleve både uventa og forventa dødsfall, noko informantane i denne oppgåva har erfaringar med. Det er viktig at personalet i barnehagen har kunnskap om korleis ein skal ivareta og hjelpe barn som opplev dødsfall i nære relasjonar. Ein kan sjå i oppgåva at informantane sine erfaringar og handlingar stemmer mykje overeins med teorien eg har nytta gjennom denne oppgåva.

Dei fleste reagerer ulikt når det kjem til sorg, derfor er det viktig at personalet i barnehagen har kunnskap om ulike sorgreaksjonar. Barn uttrykkjer seg gjerne på andre måtar enn det me vaksne gjer, derfor er det viktig at barnehagen følgjer opp og er tilgjengeleg for barnet gjennom sorgprosessen. Gjennom sorgprosessen kan ein oppleve at barn går inn og ut av sorga, og at dei kan gå frå å sørge til plutsleg å leike. Dette kan oppstå sidan barna har ei kort merksemd, det er viktig at personalet er klar over dette og gir barna rom for deira sorgprosess. Det er også viktig at ein kan snakke opent om sorg i barnehagen, gjerne gjennom samling med barnegruppa. Dette er med på å gi barna ei trygghet så det er lettare for dei å snakke om kva dei føler eller tenkjer angående situasjonen dei er i. Det er viktig at ein tenkjer på barnas alder og brukar ord som dei forstår, elles kan det fort oppstå misforståingar.

Barnehagane bør vere førebudd med ein beredskapsplan som seier noko om korleis ein skal handtere både barnet, barnets familie og korleis personalet skal arbeide. Samstundes er det viktig at ein tek omsyn til korleis situasjonen er og foreldras ynskjer. I arbeid med barn og sorg vil det vere viktig at personalet har ein open kommunikasjon med heimen. I barnehagen skal ein gjere alt ein kan for å støtte og hjelpe barna på best mogleg måte, derfor er det viktig at både heimen og barnehagen samarbeider. Gjennom samarbeid med heimen kan ein tydeleggjere barnet sitt behov til foreldra og omvendt. Når ein arbeidar i barnehage er det viktig at ein er tilgjengeleg, støtter og hjelper barn som opplev dødsfall i nærrelasjonar. Barns sorgprosess og sorgreaksjonar kan komme i ulike former, så ein må sette kvart enkelt barns behov i fokus og jobbe ut i frå observasjonar og den informasjonen ein har.

## Litteraturliste

Bugge, K. E. & Røkholt, E. G. (2009). *Barn og ungdom som sørger*. Bergen: Fagbokforlaget.

Dalland, O. (2018). *Metode og oppgaveskriving* (6.utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Dyregrov, A. & Dyregrov, K. (2019, 16. november). *Barn som mister foreldre*. Henta frå [Barn som mister foreldre \(psykologisk.no\)](http://Barn.som.mister.foreldre(psykologisk.no))

Dyregrov, A. (2006). *Sorg hos barn: en håndbok for voksne* (2.utg.). Bergen: Fagbokforlaget

Johnsen, A. N. (1991). *Barn sørger*. Oslo: IKO-Forlaget

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*.

Ruud, A. K. (2011). *Hvorfor spurte ingen meg?: kommunikasjon med barn og ungdom i utfordrende livssituasjoner*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Røkholt, E. G. & Bugge, K. E. (2018). Oppfølging av barn, ungdom og deres foreldre. I E. G. Røkholt, K. Bugge, O. Sandvik & H. Sandanger (Red.), *Sorg* (2.utg.). (s. 131-154). Bergen: Fagbokforlaget.

Røkholt, E. G., Bugge, K. E., Sandvik, O. & Sandanger, H. (2018). Tap, sorg og livet videre. I E. G. Røkholt, K. Bugge, O. Sandvik & H. Sandanger (Red.), *Sorg* (2.utg.). (s. 11-30). Bergen: Fagbokforlaget.

Simonnes, A. (1995). *Møte med barn i sorg og krise*. Oslo: Det Norske Samlaget

Sjøvik, P. (2014). Barn i sorg og barn i krise. I P. Sjøvik (Red.), *En barnehage for alle – Spesialpedagogikk i barnehagelærerutdanningen* (3.lutg.). (s. 204-228). Oslo: Universitetsforlaget.

Wirgenes, P. E. (2000). *Vil du trøste meg, Gud? : barn og sorg*. Oslo: IKO-forlaget

# Vedlegg 1: informasjonsskriv om bachelorprosjekt med samtykkeskjema

## Informasjonsskriv om bacheloroppgåve

Student: Inga Helen Hauglum, Høgskulen på Vestlandet, avd. Sogndal

Eg er 3 årsstudent ved barnehagelærerutdanninga i Sogndal, og denne hausten held eg på med ei bacheloroppgåve. Gjennom mitt arbeid med bacheloroppgåva ynskjer eg å få ei større forståing innanfor temaet sorg. Tema for oppgåva mi er barn og sorg med følgjande problemstilling:

«Korleis kan pedagogisk leiar ivareta og hjelpe barns sorg ved dødsfall i nære relasjonar?»

Kunne du tenkje deg å delta som informant i mi bacheloroppgåve?

For å skaffe data til denne oppgåva vil eg gjennomføre kvalitative intervju med tre pedagogiske leiarar som har erfaring med barn i sorg. Det er ynskjeleg for meg å nytte bandopptakar slik at eg får intervjuet til å bli mest mogleg ordrett og korrekt. Dette gjer det også lettare for meg å vere meir tilstades under intervjuet. Opptaka blir sletta etter at dei har blitt transkribert, og alle opplysningar som kan identifisere informanten vil vere anonymisert.

Dersom dette høyrer ut som noko for deg eller har du spørsmål angående prosjektet mitt kan eg kontaktast på mobil: 90711765 eller e-post: [inga\\_h.h@hotmail.com](mailto:inga_h.h@hotmail.com)

Rettleiaren min under denne bacheloroppgåva er:

Tom Sverre Tomren, e-post: [tstomren@gmail.com](mailto:tstomren@gmail.com)

Mvh.

Inga Helen Hauglum

Samtykke:

Dato/stad:

Signatur:

## Vedlegg 2: Intervjuguide

### **Intervjuguide**

#### Generelt

1. Kjønn?
2. Alder?
3. Kva utdanning har du? Har du noko etterutdanning?
4. Kor lenge har du arbeida som pedagogisk leiar i barnehagen? Kva aldersgruppe arbeidar du med?
5. Er det noko du lurar på angående dette intervjuet?

#### Min problemstilling

*«Korleis kan pedagogisk leiar ivareta og hjelpe barns sorg ved dødsfall i nære relasjonar?»*

#### Møte med barn i sorg

6. Kva erfaring har du når det gjeld barn som har opplevd dødsfall? Kven var det som døde? Var det uventa eller forventa dødsfall? Alder på barnet? Kor lenge hadde du vore i arbeid før du opplevde dette?
7. Har barnehagen ein beredskapsplan for barn i sorg? Blei den brukt i denne prosessen? Kva tankar har du om ein slik plan? Kva inneheld den? Er det mogleg at eg få denne?
8. Snakka du/de med barnet om det som hadde skjedd? Kven la opp til samtalen?
9. Kan du fortelje litt om reaksjonar og åtferda til barnet etter dødsfallet? Var den noko annleis enn til vanleg? Viss ja, kor lenge varte denne åtferda?
10. Gjorde de noko spesielt eller markerte de noko i etterkant av dødsfallet med resten av barnegruppa eller personalet?
11. Når ein arbeidar med barn i sorg, er det noko du ser på som meir viktig enn andre ting?
12. Er det noko du tykkjer er utfordrande i denne prosessen? Eller meir vanskeleg?

#### Samarbeid

13. Hadde de eit tettare samarbeid med heimen etter dødsfallet?
14. Korleis arbeida du saman med personalet under denne prosessen? Var det nokon som hadde meir ansvar enn andre eller delte de på oppgåver og ansvar? Hadde de inne fleire ressursar (psykolog, prest)?

15. Korleis påverka dødsfallet deg og personalet på avdelinga?

16. Er det noko du ville ha forandra på no i etterkant av denne prosessen?

17. Har du/de fått noko opplæring i korleis de skal handtere ein slik situasjon før det skjedde?

#### Avslutning

18. Er det noko du har lyst å tilføre heilt til slutt?